



Trimmarar under 15 år. Namna er om lag som følgjer, i uordna rekkjefølgje: Louise Arthun Bergane, Kaja Døssland, Martin Hauge, Johannes Haugland, Øystein Haugland, Marita Kjærland, Rune Kjærland, Siv Hanne Kjærland, Eirin Rørheim Kjærland, Tomas Mathiesen og Preben Sundal. Dei to eldste er Sigve Solheim og Anne Kari Enes

**Torsdag kveld var om lag 40 av dei sprekaste fjelltrimmarane i Kvinnherad samla i Helgheimskjellaren. Mange uskedelingar var mellom dei frammøtte, og det er naturleg sidan heile 30 av dei 98 som hadde fullført kravet til fjelltrimmen, er frå bygda. Festleiar Sigve Solheim trekte såleis fram Uskedalen som den sprekaste bygda.**



Sigve Solheim og Johanna Yri

Hovudæra for dette går til sjuandeklasseelevane som har gjennomført 9 av dei 16 turane på fjelltrimkortet. Dei har vore på: Gråskallen, Feto, Tjodbergshaugen, Enessetra, Kviteggjo, Ingahogg, Skålafjedl, Geitadalstind og Mjelkhaug.

- Alle var med på dei fleste av turane, og mange var med på alle, så innsatsen må seiast å vera god, har læraren deira, Svein A. Sunde, fortalt til uskedalen.no tidlegare. Festleiar Solheim gav tydeleg uttrykk for at han var imponert av dette, og saman med dei andre fjelltrimmarane under 15 år vart dei alle premiert med ein flott turkopp.

Det var nesten så Uskedalen gjorde reint bord denne kvelden. Eldste(og på mange måtar sprekaste) trimmar Johanna Yri vart og gjort fortent stas på. I samtale med festleiar, lett og ledig i tonen, fekk vi greie på både korleis interessa vart vekt, kva turar ho likte best og både favorittniste og -drikke for å nemna noko. Ho vart presentert som 39-åring, men er i realiteten for lengst passert dei 80. Kan vel seia at begge delar er rett. Eit fint innslag med eit godt føredøme!

Ei anna eldre dame som imponerte tihøyrarane, var 87-årige Wenche Skåluren. Ho var kveldens kåsør. Etter innleiingsvis å ha fortalt levande om turopplevingar i barndommen som hadde betydd mykje for ho, trollbatt ho publikum ved å fortelja segner og eventyr frå Kvinnherad. Her fekk vi meir eller mindre truande forklaringar på kvifor Kvinnheradsnaturen har vorte så flott som den er. Interessant og lærerikt, og det er å håpa at mange får ta del i den levande og flotte historieboka som Wenche Skåluren er, framover.

Siste post på programmet var kaffi, julabrus og kaker frå eit freistande kakebord.

Elles inneldt og feststunda allsongar, påskjøningar til dei som hjelpte til med friluftsdagen på Fjellandsbø i haust, og trekking av gåvepremiar til trimmarane. Her var uskedelingane beskjedne, men Sindre Aksnes og Ingrid Kroka var mellom dei heldige vinnarane.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Sjur Tjelmeland/Kvinnheringen.